



FEDJE KOMMUNE
Kalvedalen 1
5947 FEDJE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mulen, 5764 3127

Inspeksjonsrapport etter statleg tilsyn med myndigheita i kommunen etter forureiningslova – forsøpling - Fedje kommune

Vi viser til svar frå Fedje kommune 28. juni 2024 på brev frå Statsforvaltaren 27. mai 2024 med spørjeskjema for gjennomføring av brevtillsyn med kommunen si myndighet etter forureiningslova på forsøplingsområdet. Tilsynet blei gjennomført med heimel i forureiningslova § 48a, jf. kommunelova kapittel 30.

Avvik

Kommunen pliktar etter kommunelova § 25-1 å ha internkontroll som skal sikre at lover og forskrifter blir følgt, og som derfor omfattar alle lovpålagde plikter. Det er i § 25-1 stilt konkrete krav til internkontrollen. Den skal mellom anna omfatte ei skildring av kommunen sine plikter, nødvendige rutinar og eit system for å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik. Kommunen sin internkontroll er sentral for å sikre at kommunen sitt arbeid og prioriteringar blir tilpassa behovet i kommunen, blant anna basert på risikovurderingar.

Gjennomføring av risikovurderingar er sentralt som grunnlag for utforminga av kommunen sin internkontroll, og inneber at kommunen må gjere ei konkret analyse og vurdering av sannsynet for at lover og forskrifter ikkje blir følgde. Alle kommunen sine plikter skal inngå i ei slik vurdering. Kjennskap til pliktene og innhaldet i desse er ein nødvendig føresetnad for gjennomføringa av risikovurderinga.

Fedje kommune har ikkje gjennomført risikovurderingar som omfattar moglegheit for brot på pliktene som gjeld forsøpling og avfall. Kommunen oppfyller derfor ikkje kravet til internkontroll i kommunelova § 25-1.

Videre oppfølging

Statsforvaltaren forventar at kommunen retter opp avviket.

Statsforvaltaren vil ikkje gi pålegg om retting etter kommunelova § 30-4.

Tilsynet blir med dette sett på som avslutta frå Statsforvaltaren si side.



Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent